

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref
13/550-

Dato
12.06.2013

Hordaland fylkeskommune - tilskot til kulterkort for ungdom 2013

1. Tilskot for 2013

Kulturdepartementet gir med dette Hordaland fylkeskommune eit tilskot på kr 215 000,- til kulterkort for ungdom for 2013.

Tilskotet er løyva under kap. 320, post 60, jf. Prop. 1 S (2012–2013) for Kulturdepartementet.

Kulterkortet har som føremål å få ungdom til å nytte seg av kulturtildoda oftare og å rekruttere nye publikummarar. Kulterkortet skal gi ungdom billigare billetter til eit breitt spekter av kulturarrangement. Fylkeskommunen skal bidra med ein eigendel som er høgare enn statens tilskot, og fylkeskommunen skal stå for gjennomføringa. Ein stor del av dei totale midlane skal gå til aktivitet.

Det er sett som føresetnad at tilskotet blir disponert i samsvar med dei føremåla, føresetnader, krav til økonomiforvaltning og kontroll som kjem fram i dette brevet, jf. pkt. 2.

Statstilskotet er eit rundsumtilskot. Det skal leggjast fram rapport, jf. pkt. 3 i dette brevet.

Vi gjer merksam på at tilskotet vil bli betalt ut så snart vi mottek opplysingar om kva kontonummer tilskotet skal betalast ut til. Opplysninga skal sendast til postmottak@kud.dep.no, med kopi til lod@kud.dep.no.

2. Økonomiforvaltning og kontroll

Tilskotsmottakaren skal følgje reglene som er trekt opp i *Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt engangstilskudd fra Kulturdepartementet i 2013* som ligg ved dette brevet. Tilskotsmottakaren må føre kontinuerleg kontroll med den økonomiske situasjonen slik at utgiftene til ei kvar tid er under kontroll.

3. Krav til rapport for 2013

Det skal utarbeidast og leggjast fram rapport og rekneskap i samsvar med reglane i *Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt engangstilskudd fra Kulturdepartementet i 2013* som ligg ved.

Departementet gjer merksam på at det kan bli stilt krav til at tilskot blir tilbakebetalt i somme situasjoner, jf. pkt. 3 i vedlagte retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll.

Med helsing

Christine Hamnen (e.f.)
avdelingsdirektør

Mette Hagen
seniorrådgjevar

Vedlegg:

Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt prosjekt-/investerings- og engangstilskudd fra Kulturdepartementet i 2013